

Klima- og Forurensings  
Direktoratet (KLIF)  
Postboks 8100 Dep.  
0032 Oslo

**Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval  
Torsdag 3. mai i Vindafjordhallen kl. 19.30**

**1. Høyringsuttale om konsekvensutredning for avvikling og disponering  
av Statfjord C Lastebøye (SPM-C)**

Denne lastebøyen blei teken ut av produksjon 2005 og er meint å fraktast til Vats-  
/Yrkesfjorden sommaren 2012 for demontering ute i fjorden og opphogging inne på  
Raunes Miljøbase ved Vatsffjorden i Vindafjord kommune i Rogaland..

Høyringsdokumentet som er ei forenkla konsekvensutredning, syner korleis arbeidet skal  
føregå og kva for konsekvensar dette får for miljøet rundt fjordsystemet.

**Vedtak:**Grendautvalet har tidlegare støtta seg til ulike uttalar frå kontrollerande  
myndigheter som har konkludert med at denne operasjonen vil medføra liten og  
ingen skade for miljøet når alle forholdsreglar blir teke i bruk. Sjølve demonteringa  
av helikopterdekket og lastebøyen skal skje ute i fjorden og fraktast til land i to  
separate delar. Opphogginga av modulane skal skje på land  
Slik det er skissert og forklart tidlegare og i høyringsdokumentet, ser  
operasjonen ut til å vera utan større risiko for miljøet.

**NB: Grendautvalet vil likevel presisera og oppfordra Statoil og dei  
kontrollerande myndigheter v/Klif og Fylkesmannens miljøavdeling  
om at dei ser nøye etter at alt arbeid må skje på forsvarleg  
og kontrollert måte utan risiko for forurensing.**

Øvre Vats 3. mai 2012

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-